



TOKKE KOMMUNE

Storvegen 60

3880 DALEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tonje Katrine Vaage, 33371109

Fråsegn - oppstart av planarbeid - høyring av planprogram - kommuneplan - Tokke - temaplan for naturmangfald

Vi viser til oversending frå Tokke kommune datert 30.10.2025.

Saka gjeld

Saka gjeld varsel om oppstart av planarbeid for temaplan for naturmangfald i Tokke kommune med høyring av framlegg til planprogram. Temaplanen skal utarbeidast som ein tematisk kommunedelplan. Målet med temaplanen er å styrkje kunnskapen om natur og naturverdiar i Tokke kommune og leggje til rette for ei berekraftig og langsiktig forvaltning av naturgrunnlaget. Arbeidet skal samle, vurdere og systematisere eksisterande kunnskap, peike på manglar og foreslå mål, strategiar og tiltak som styrkjer omsynet til natur. Planen skal også bidra til å redusere bit-for-bit-nedbygging og peike ut område med behov for vidare kartlegging.

Kommunen har peikt på ulike tema som kan vere relevante i planarbeidet, slik som til dømes myr- og våtmarksområde, beite- og friluftsområde, villreinområde, truslar mot naturmangfald og førekomstar av framande artar. Oppramsinga er ikkje utfyllande eller avgrensande. Eit viktig mål for planen er at den skal bidra til å identifisere særleg verdifulle område og peike på behov for vidare oppfølging i planar og tiltak.

Rolla til Statsforvaltaren sine fagavdelingar

Fagavdelingane til Statsforvaltaren skal med heimel i plan- og bygningslova §§ 3-2 og 5-2 gje informasjon og innspel til planarbeidet og sjå til at planar ikkje er i vesentleg strid med nasjonale og viktige regionale interesser innan miljøvern, klima, landbruk, samfunnstryggleik, folkehelse, barn og unges interesser og gravplassar.

Denne saka er handsama av Statsforvaltarens miljøavdeling.



Vurdering frå miljøavdelinga

Generelt

Innleiingsvis ønsker vi å gi kommunen ros for å sette fokus på bevaring av naturverdiar og auke kompetansen om naturmangfaldet gjennom ein tematisk kommunedelplan. Ein slik plan vil kunne vere eit nyttig verktøy for å få oversikt over naturmangfaldet i kommunen, prioritere arealbruk, og vurdere tiltak for skjøtsel og bevaring av viktige naturverdiar. Som planmyndigheit har kommunen eit heilskapleg perspektiv på, og tilnærming til, det lokale arts- og naturmangfaldet. Ein overordna kommunedelplan som beskriver naturmangfaldet i kommunen setter dette i system, og gir eit godt utgangspunkt for interesseavveginga som skal bli gjort seinare ved planlegging av framtidig arealbruk i kommunen.

Regionale og lokale myndigheiter har eit særskilt ansvar for å følgje opp FN sine berekraftsmål. I følgje FN kan to tredelar av delmåla berre nås gjennom lokal innsats. Her er lokalkunnskapen til kommunane avgjerande for å kunne konkretisere arbeidet med måla på lokalt nivå, identifisere målkonfliktar, og innføre dei rette tiltaka. Vi vil derfor trekke fram viktigheita av at kommunen har fokus på dette i sine planar, og viser til berekraftsmåla som ein av fleire relevante nasjonale føringar som sett rammar for det vidare planarbeidet. Vi ønsker samtidig å peike på naturavtalen frå 2022 (Kunming-Montrealavtalen) som relevant for arbeidet med kommunedelplanar for naturmangfald. Vi vil be om at kommunen ser på dei rammene og føringane som er oppgitt i utkastet til planprogrammet på nytt, og utbroderer denne noko slik at den også omfattar dei nasjonale og internasjonale avtalene om naturmangfald som kommunen er satt til å følgje opp på lokalt nivå.

Miljødirektoratet har laga ein rettleiar for utarbeiding av [kommunedelplanar for naturmangfald](#). Denne rettleiaren tek for seg ein rekke tema som er viktige i arbeidet med ein slik plan, som til dømes viktigheita av å sette klare mål for arbeidet, kordan arbeidet kan organiserast, rettleiing til kunnskapsinnhenting og naturtypekartlegging, og veying av klimaendringar og -tilpassing. Vi oppfordrar kommunen til å gjere seg godt kjent med rettleiaren, og bruke denne aktivt i arbeidet med kommunedelplanen for naturmangfald.

Tokke kommune har fått innvilga søknad om tilskot frå Miljødirektoratet sin ordning Natursats. Vi ønsker å gjere kommunen merksame på at miljøforvaltninga har ein rekke andre tilskotsordningar som kan støtte opp om tiltak i vidare oppfølging av planen eller anna arbeid for å fremje og bevare naturmangfaldet i kommunen. Meir informasjon om andre tilskotsordningar finns på våre nettsider: [Tilskotsordningar | Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark](#)

Lokalt viktig naturmangfald

Tokke kommune har ein rekke viktige naturverdiar som bør bli løfta fram som særskilde tema i kommunedelplanen for naturmangfald. Dei bratte, sørvendte dalsidene langs Bandak har svært store naturkvalitetar i skog i eit nasjonalt perspektiv knytt til edle lauvtre slik som til dømes eik, samt innslag av kalkrik grunn og gamal skog. Her finst mange artar som elles finst berre i låglandet ved kysten. Store naturverdiar i skog finst også langsmed dei større vassdraga slik som Tokkeåi, Rukkeåi og Dalåi, både i skuggen og i dei solrike delane. Delar av bekkekløfta langsmed Tokkeåi har internasjonal verneverdi. I kulturlandskapet i kommunen finst mange tradisjonelt drivne areal med artsrik slåttemark. Vi ønsker også å trekke fram elvedeltaet ved Dalen, som er eit av dei meir intakte elvedeltaene i regionen med store og varierte naturverdiar. I tillegg har Bandak og Tokkeåi ein bestand av storaure, klassifisert med svært stor verdi og kandidat til nasjonalt storaurevassdrag (jf. Miljødirektoratet Rapport M-1786 | 2020).

Det er altså ein lang rekke av særleg viktige naturverdiar som kommunen har eit ansvar for å bevare og fremje. Arbeidet med kommunedelplanen for naturmangfald er ein viktig brikke i dette. Vi vil



oppfordre kommunen til å ha eit særskilt fokus i det vidare planarbeidet på dei naturverdiane som er viktig lokalt, og dei som er spesielle for regionen.

Villrein

Vestre del av kommunen ligg innafor Setesdal Austhei villreinområde, som er omfatta av *Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei* (Heiplanen). Omsynet til villreinens leveområde vil derfor vere ein naturleg del av vurderingane som skal bli gjort i forbindelse med utarbeidinga av kommunedelplanen for naturmangfald.

Kvalitetsnorm for villrein (Rangifer Tarandus) ble fastsett ved kgl.res. 23. juni 2020. I samsvar med artikkel 1 skal norma vere retningsgivande for forvaltninga til planmynda i alle saker som har noko å seie for villrein. Kvalitetsnorma fastset grenseverdiar for god, middels og dårleg kvalitet for leveområda til villreinen, basert på delnormer. Av artikkel 3 i kvalitetsnorma går det fram at dei enkelte villreinområda skal oppretthalde eller oppnå minimum middels kvalitet så snart som mogleg. I 2021 ble Setesdal Austhei villreinområde klassifisert til middels kvalitet.

Kvalitetsmåla er følgt opp i stortingsmeldinga *Ein forbetra tilstand for villrein* (Meld. St. 18, 2023-2024). I meldinga legg regjeringa opp til «ein høg terskel for nye inngrep i villreinområda», og seier det er «nødvendig med ei heilskapleg og restriktiv arealforvaltning i villrein fjellet». Det er eit mål i stortingsmeldinga å stoppe den negative utviklinga i villreinområda innan 2030, og på lengre sikt å nå kvalitetsmåla i kvalitetsnorma. Vi viser også til *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027*, der det heiter i regjeringa si forventning nr. 58 at «villreinens leveområder sikres, og vedtatte regionale planer for villrein fjella oppdateres i samsvar med ny kunnskap og følges opp i den kommunale planleggingen». Omsynet til villrein er også tatt med i punkt 3.8 om villrein i dei nye *statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet* (SPR-AM, 2025).

For at Noreg skal kunne nå måla i kvalitetsnorma for villrein er det viktig at alle kommunar med leveområde for villrein gjer ein felles innsats for å løfte omsynet til arten i sitt virke. På bakgrunn av den alvorlege situasjonen villreinen står ovanfor vil vi derfor anbefale at kommunen løftar fram villrein som eit særskilt tema i kommunedelplanen for naturmangfald. Eventuelt kan det vere ei løysing å skilje dette arbeidet ut som ein eigen temaplan knytt til kommunedelplanen.

Kunnskapsgrunnlag og behov for kartlegging

Kommunen er generelt sett dårleg kartlagt for naturtypar etter gjeldande metodikk (NiN). Berre få og små område hovudsakleg ved Dalen er kartlagde for naturtypar etter Miljødirektoratets instruks, og vi ser at kartlegging av natur i kommunen gjerne skjer i samband med planlegging av nye områder for utbygging. Det er derfor viktig at kommunen som ein del av arbeidet med kommunedelplanen legger ein god strategi for kva område som bør bli prioritert for kartlegging av naturtypar som er viktige for kommunen. Dette kan gjerne vere større samanhengande område som har ein viktig funksjon for vilt i kommunen, eller meir spissa og temabasert som til dømes naturtypekartlegging av myr- og våtmarksområde. Ein del av dalsidene og lågareliggjande område er kartlagde etter eldre metodikk, DN-handbok 13. Dette er områder der det også kan vere aktuelt å kartlegge etter ny metodikk slik at ein får eit oppdatert kunnskapsgrunnlag.

Vi vil uansett understreke viktigheita av at kommunen vel ut nokre område eller tema for kartlegging i fyste runde, slik at det ikkje blir for omfattande. Kommunedelplanen med handlingsdel skal reviderast jamleg etter at den har blitt vedteken, og det er derfor fleire anledningar til å auke kunnskapsgrunnlaget etter kvart som man ser behovet. Det er også veldig viktig at kommunedelplanen ikkje blir eit augneblikksbilde av status for naturverdiar i kommunen, men at



planen legger opp til en jamleg vurdering av kunnskapsgrunnlaget og eventuelle behov for oppdatering av dette.

Vidare er ein viktig del av arbeidet med oppstarten av ein kommunedelplan for naturmangfald å finne ut kva ein allereie vet om naturen i sin kommune, og kor det er behov for å auke kunnskapen. Der ein ser at det er behov for ytterlegere kartleggingar av naturtypar eller artar bør ein så vurdere kva som er viktigast for kommunen å ha på kort sikt, og kor ein heller kan legge ein meir langsiktig plan for innhenting av kunnskap.

Oppfølging og forankring av planen

I rettleiaren for kommunedelplanar for naturmangfald frå Miljødirektoratet, del 9 om vedtak og oppfølging, står det at frå erfaring vil dei viktigaste tiltaka for oppfølging dreie seg om arealplanlegging, vidare kartlegging, skjøtsel, naturrestaurering og informasjon om naturmangfald. Av forslag til planprogram ser vi at mange av desse typane av tiltak er godt dekt i måla til planen, særleg når det gjeld oppdatering av kunnskapsgrunnlaget og det å sikre omsynet til viktig naturmangfald i arealplanlegginga til kommunen.

Vi skulle gjerne sett at planprogrammet i større grad sa noko om kva som er tenkt rundt handlingsdelen til kommunedelplanen. Handlingsdelen er ei sentral brikke i arbeidet med å sikre vidare oppfølging av bevaring av naturverdiar i kommunen, og at kommunedelplanen blir ein plan som blir følgd opp og aktivt brukt i framtida. Med tanke på dei mange viktige naturverdiane i kommunen som mellom anna er knytt til skog, kultur- og elvemiljø, vil det vere særleg viktig at kommunen lagar ein konkret handlingsplan som sikrar bevaring og skjøtsel av disse verdiane. Kommunen bør og få ein oversikt over område som kan vere aktuelle for restaurering. Vi viser her til at vi er inne i FN sitt tiår for naturrestaurering (2021-2030), som skal bidra til å gje eit løft til arbeidet med å restaurere forringa økosystem.

Kommunen bør også skaffe ei oversikt over areal som kommunen sjølv forvaltar, da kommunen i desse områda har mykje rom til å sette i gang egne tiltak som kan fremje det lokale naturmangfaldet. Dette gjelder også areal som kanskje ikkje tradisjonelt sett er sett på som særleg artsrike, men har stort restaureringspotensiale, slik som vegkantar og grøftar med framande artar som fortrenger det lokale artsmangfaldet.

Når kommunen lagar mål, strategiar og konkrete tiltak i handlingsdelen til kommunedelplanen vil det være svært viktig at kommunen vurderer kor kritisk det er at tiltak blir gjennomført, og kor ressurskrevjande tiltaka vil vere. Ut frå dette bør det så bli laga ein tydeleg prioriteringsliste over tiltak for oppfølging, når desse skal gjennomførast og kven som har ansvaret for dette, slik at ein får sikra ei god kontinuitet i det vidare arbeidet med naturmangfald i kommunen. Det bør også bli laga ein liste over målbare indikatorar, som seier noko om kva som skal til for at ein har nådd måla ein har satt seg.

Vi ønsker også å understreke at sjølv om kommunedelplanen blir vedteke politisk, vil den som ein temaplan ikkje kunne gi nokon direkte eller bindande føringar etter plan- og bygningslova. Det er derfor viktig at oppfølging av planen blir forankra i juridisk bindande arealplanar, handlingsplanar og budsjett i kommunen. Vi anbefaler også at kommunedelplanen for naturmangfald blir innarbeida i samfunnsdelen til kommuneplanen ved neste rullering, slik at kommunens politiske intensjon om å sikre bevaring av viktig naturmangfald blir forankra i fleire av kommunens styringsdokument.



Vi ønsker kommunen masse lykke til med det vidare arbeidet. Dersom det er behov for konkret rettleiing etter kvart som arbeidet blir satt i gang er det berre å ta kontakt, så vil vi sjølvsagt vere behjelpelege.

Med helsing

Lene Ottersen
fungerande plansjef

Tonje Katrine Vaage
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Telemark fylkeskommune
Norges vassdrags- og energidirektorat
Mattilsynet
Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Postboks 2844
Postboks 5091 Majorstua
Postboks 383

3702 SKIEN
0301 OSLO
2381 BRUMUNDDAL